

Veldetun Båtlag SA
Slåttåvegen 34
4262 Avaldsnes

13.10.2019

Karmøy Kommune,
Postboks 167,
4291Kopervik

HØRING - PLAN 4080- OMRÅDEREGULERING FOR STUTØY – gnr. 86/79,219,220

Veldetun Båtlag SA er negativ til skisserte områderegulering for Stutøy med utvidelse av industriområde. Det er i dag ein betydeleg negativ miljøpåvirkning frå etablert industri på Husøy / Stutøy-området. Veldetun båtlag SA opplever at det legg seg eit tjukt støvlag på båter etter at det vart etablert open lossing ved Husøyvegen 244 på nordøstre del av industriområdet. Det er og aukande frekvens av tilgrising av strandsone med søppel frå heile industriområdet. Ein utvidelse vil auke den negative miljøpåvirkninga frå industriområdet gjennom støy og utslepp til vatn og luft.

Det framstår som at det har vore manglande oppfølging frå Karmøy kommune mhp negative helse-effekter på lokalbefolkninga frå det etablerte industri-området på Husøy. Veldetun Båtlag SA kan ikkje sjå at det er gjort ein kartlegging mhp negative helse-effekter som allergi og astma av svevestøv med høgt proteininnhald frå Husøyvegen 244. Før ein går til ein utvidelse av industriområdet burde slike forhold vore kartlagt og tatt tak i. I samband med områderegulering vert det riktignok i Konsekvensutredning og risiko- og sårbarhetsanalyse påpeikt at utvidelse vil medføre negativ konsekvens mhp befolkningas helse, landskap, forurensing, transportbehov og energiløsninger og naturmangfold, men dette vert ikkje hensyntatt.



Kenneth Eikeset,
Veldetun Båtlag SA



Olav Auestad Nestformann
Formann Veldetun Båtlag SA